

ÅRSMELDING 2013


Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane 6823 SANDANE

Org.nr. 994 179 136

1. STIFTINGA SINE OPPGÅVER OG ORGANISERING

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vart oppretta på bakgrunn av sentrale føringar og som følge av den statlege museumsreforma. (St.meld. nr. 22 (1999-2000)/Kjelder til kunnskap og oppleving). Musea i Sogn og Fjordane vart stifta 14. januar 2009 med ein stiftingskapital på kr.100.000, fordelt med kr. 50.000 på Sogn og Fjordane fylkeskommune og kr. 10.000 på kvar av dei andre stiftarane:

DHS-Sogn Folkemuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord Folkemuseum, Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Sunnfjord Museum.



Rådet

Forutan stiftingsstyret skal det, i flg. stiftingsvedtektene, vere eit råd for det konsoliderte museet.

Rådet er sett saman av representantar frå eigarstyra, fylkeskommunen, vertskommunane, regionråda, Høgskulen i Sogn og Fjordane og kunstnarorganisasjonane (biletkunstnarane/kunsthandverkarane).

Sogn og Fjordane fylkeskommune vel styreleiar og eit styremedlem med personlege vara. Rådet vel tre medlemmer med personlege vara. To medlemmer med personlege vara, vert valde av dei tilsette. Etter rådsmøtet 28.05.2013, har styret vore samansett av:

Valde av Sogn og Fjordane fylkeskommune:

| | | |
|--------------|---------------------------------|----------------|
| Styremedlem: | Harry Mowatt , leiar | LEIRVIK I SOGN |
| Varamedlem: | Hilde Kvamsås Aa | EIKEFJORD |
| Styremedlem: | Laura Kvamme , nestleiar | FJÆRLAND |
| Varamedlem: | Erland Fagermoen | BALESTRAND |

Valde av rådet:

| | | |
|--------------|------------------------------|------------------|
| Styremedlem: | Arild Hartman Eriksen | DALE I SUNNFJORD |
| Varamedlem: | Vidar Grønnevik | FLORØ |
| Styremedlem: | Olve Grotle | FØRDE |
| Varamedlem: | Hege Lote | SANDANE |
| Styremedlem: | Olin Johanne Henden | SANDANE |
| Varamedlem: | Dag Vanberg | INNVIK |

Valde av dei tilsette:

| | | |
|--------------|------------------------|-----------|
| Styremedlem: | Asbjørn Tyssen | FØRDE |
| Varamedlem: | Anne L. Bakke | KALVÅG |
| Styremedlem: | Kristian Systad | KAUPANGER |
| Varamedlem: | Solveig Berg Lofnes | VASSENDEN |

Styret

Styret har leia stiftinga si verksemd i samsvar med vedtekter, lover, regelverk og avtalar elles. Styret har også sett til at verksemda i meldingsåret har vore drive i samsvar med hovudintensjonane i museumsreforma og dei retningsliner som er gjevne i tilsegnsbrev fra offentlege styresmakter. Det har vore handsama 42 styresaker i meldingsåret.

Administrasjonen

Administrasjonen i Musea i Sogn og Fjordane er lokalisert ved Nordfjord Folkemuseum på Sandane. I 2013 vart fellesadministrasjonen utvida med ei fagstilling som er tillagt det driftstekniske koordineringsansvaret for museet si samla bygningsmasse, både kulturhistoriske og administrasjonsbygg. Fagsjef har også det overordna ansvaret for felles FDV og internkontroll/ HMT system. Fellesadministrasjonen i MiSF har til saman fire tilsette. I meldingsåret har arbeidet med å vidareutvikle organisasjonen, legge til rette for god leiing og økonomistyring, halde fram. I tillegg har ein arbeidd aktivt med fleire oppgåver:

- Revidering av felles personal- og lønshandbok
- Plan for livsfasepolitikk
- Iverksetting av mål og tiltak i *Strategiplan 2011 – 2014*
- Forvaltning, drift, vedlikehald og internkontroll/systematisk HMT
- Fellesmagasin for MiSF
- Kaldmagasin for båtsamlinga i MiSF
- Betongskaden på Kystmuseet i Sogn og Fjordane
- Sogn og Fjordane Kunstmuseum
- Norsk Reiselivsmuseum
- Norsk Kvernsteinsenter
- Måløyraidsenteret

Fellesmagasin for MiSF

Vinnarutkastet "*Kløften*" (Bystrup Arkitekter og Designere), fellesmagasin for MiSF og utbygging av Sunnfjord Museum, vart lagt fram til ny politisk vurdering av Sogn og Fjordane fylkeskommune i samband med handsaming av økonomiplan/investeringsplan 2014-17.

Skisseprosjektet for fellesmagasinet og utbyggingsprosjektet har i 2013 vore gjennom ein prosess med kostnadsreduserande tiltak og ramma er no på 220 mill. kr. (176 mill.kr. eks. mva.) Det er skissert ei kostnadsdeling mellom staten med 1/3 og regionalt nivå med 2/3, der fylkeskommunen finansierer 60 % og kommunane 40%. I løpet av 2014 vil ein avklare om kommunane er villige til å vere med på å fullfinansiere prosjektet. Dette må avklarast før det kan søkjast om statleg medfinansiering.

Den fylkeskommunale delen av finansieringa er lagt inn i investeringsplanen for 2016.

Museumsbygget for Sogn og Fjordane Kunstmuseum

I 2013 har arbeidet i avdelinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum vore konsentrert om å få det nye museumsbygget i Førde til å stå fram som attraktivt og spanande nyetablering for publikum, både når det gjeld arkitektur og kunstnarleg innhald.

Alt det praktiske og sjølvorganiseringa av ut- og innflytting har vore tidkrevjande. For dei tilsette ved avdelinga har det også i 2013 vore ei stor utfordring å få den praktiske museums-kvardagen til å fungere på best mogleg måte, slik at alle utstillarar og besøkande til utstillingar, museumsbutikken og museumskafeen har følt seg velkomne i den nye "heimen" for kunst.

Det kan elles vere utfordrande å få eit tekniske avansert bygg til å fungere slik det er tenkt, noko erfaringane frå den tekniske drifta i kunstmuseet stadfestar. Framleis er det store utfordringar for å få bygget til å fungere optimalt teknisk. Bygget må likevel kunne karakteriserast som ein suksess og er tatt strålande imot av publikum. Museet får stadig positiv internasjonal omtale av både arkitektur og tekniske løysingar. Ulike fagdelegasjonar både frå inn- og utland, er alle imponerte over det ein her har fått til i Sogn og Fjordane med plassering av eit regionalt kunstmuseum i ein liten by som Førde.

Realisering av nytt museumsbygg for Norsk Reiselivsmuseum

I Balestrand sentrum er eit nytt bygg for Norsk Reiselivsmuseum, stifta i 1986, i ferd med å bli realisert. Bygget på om lag 1550 m². er fullfinansiert av staten, Sogn og Fjordane fylke og Balestrand kommune, og byggjeprojektet har ei kostnadsramme på rundt 90 mill. kroner. Kulturdepartementet ga Statsbygg i oppdrag å stå for prosjektering og bygging av det nye museumsbygget som er teikna av arkitektfirmaet Askim/Lantto Arkitekter AS. Hovudidéen er å nytte fjellet i arkitekturen for å skape ein sær eigen attraksjon kopla til opplevinga av norsk natur. Grunnsteinen vart lagt ned 22.05.2013 av dåverande kommunalminister Liv Signe Navarsete. Etter planen skal bygget stå ferdig for overlevering våren 2014. I 2013 har ein arbeidd vidare med å førebu utstillingar i det nye museet. Utstillingsplanen er ambisiøs og lista er lagt høgt for eit utstillingskonsept som skal "kommunisere" med det arkitektoniske uttrykket i sjølv bygget.

Norsk Kvernsteinsenter

Norsk Kvernsteinsenter vart ny tilvekst og den 6. avdelinga i MiSF i 2013. Etter at styret i stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vedtok å inngå konsolideringsavtale med stiftinga Norsk Kvernsteinsenter, vart det arbeidd med å få finansieringa på plass med verknad f.o.m. driftsåret 2013. I september 2012 vart MiSF orientert om at staten ville auke driftstilskotet til MiSF på bakgrunn av søknad om å ta inn Norsk Kvernsteinsenter. Med støtte frå staten, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hyllestad kommune, var det økonomiske og faglege grunnlaget lagt for felles drift f.o.m. 1. januar 2013.

Kvernsteinsparken er tusenårsstaden i Hyllestad kommune og den vart offisielt opna av dronning Sonja i 2009. Parken er lagt til rette som visningsenter for kvernsteinshistoria i Hyllestad. Her finn ein eit produksjonslandskap som er forma av aktiviteten som gjekk føre seg allereie i vikingtid og frå ca. 950 vart produksjonen intensivert til eit industrielt nivå med masseproduksjon av kvernsteinar for ein større marknad. Kvernsteinsbrota i Hyllestad og skipshaugane i Vestfold er inne på UNESCOs tentative liste over verdsarv.

Administrasjonskontoret i Norsk Kvernsteinsenter er fysisk skild frå sjølv kvernsteinparken og denne situasjonen er lite tilfredsstillande for dei tilsette. I 2013 sette avdelinga difor i gong eit utviklingsprosjekt for å vurdere heile drifta under eitt.

Måløyraidsenteret

Stiftinga Måløyraidsenteret har i fleire år arbeidd målretta med ideen om å etablere eit krigshistorisk kunnskapssenter i Måløy med utgangspunkt i Måløyraidet 27. desember 1941. Måløyraidsenteret er tenkt etablert i det gamle rådhuset i Måløy, *Heradsheim*, som er eigd av Vågsøy kommune.

Etter vedtak i Musea i Sogn og Fjordane vart det inngått intensjonsavtale mellom stiftingane Måløyraidsenteret og Musea i Sogn og Fjordane i mai 2013. Musea i Sogn og Fjordane vurderer prosjektoptalen og idéskisse frå Stiftinga Måløyraidsenteret som eit godt grunnlag å byggje vidare på. Dersom nødvendige føresetnadar for drift kjem på plass, vil ei viktig oppgåve for Musea i Sogn og Fjordane vere å gå gjennom heile konseptet og kvalitetssikre dette saman med Stiftinga Måløyraidsenteret og støtte seg på ekstern fagkompetanse.

Forsvarsdepartementet har løvd 3,3 mill. som eit investeringstilskot til etablering av Måløyraidsenteret, men det vart ikkje løyvd offentlege driftsmidlar i statsbudsjettet for 2014. Sogn og Fjordane fylkeskommune avsla søknaden om driftsmidlar for 2014 på bakgrunn av store uløyste oppgåver innan museumssektoren i fylket og fylkeskommunen sin økonomi.

Organisering av musea – Evaluering av MiSF

Vinteren 2013 sette Norsk kulturråd i gong arbeidet med å evaluere organisering av utvalde museum i kjølvatnet av museumsreforma. Målet med evalueringa var både for å styrke Kulturrådet sitt kunnskapsgrunnlag med tanke på vidare utvikling av museumspolitikken, bidra med kunnskap til musea sitt eige utviklingsarbeid og få kunnskap om dei ulike organisasjonsformene og erfaringar musea har fått gjennom drift, sett i lys av bakgrunn og formål med sjølve museumsreforma.

Arbeidsforskningsinstituttet (AFI) fekk ansvaret for å gjennomføre evalueringa. I samråd med Kulturrådet valde AFI ut følgjande museum: *Hedmark fylkesmuseum (AS) - Jærmuseet (stifting) - Museum for kystkultur og gjenreising i Finnmark (IKS) – Musea i Sogn og Fjordane (stifting)*.

MiSF vart tatt ut på bakgrunn av at AFI såg det som viktig at også eit kunstmuseum inngjekk i caseutvalet for m.a. å oppfylle kravet til "purposeful sampling".

Med utgangspunkt i den korte konsolideringstida, synes utviklinga for MiSF samla sett, å vere tilfredstillande, vurdert ut frå kompleksitet, "startvanskar", geografi, tidsperspektiv og statlege føringar m.o.t. krav om konsolidering og kort førebuingsspross. Det er utarbeidd ein samla rapport av evalueringa.

2. DRIFT

Fordeling av offentlege driftstilskot

Offentleg tilskot til ordinær drift av Musea i Sogn og Fjordane i 2013, fordelte seg slik:

| | | |
|------------------|-----------------------|--------|
| • Statstilskot | kr. 25.886.000 | (59 %) |
| • Fylkestilskot | kr. 13.587.494 | (31 %) |
| • Kommunetilskot | kr. 4.448.492 | (10 %) |
| Sum | kr. 43.921.986 | |

Staten er den største tilskotsytaren, og har lagt inn føresetnaden om at regionane skal dekke minst 40 % av det samla offentlege driftstilskotet.

Økonomi og drift

Framlagt rekneskap for 2013 syner eit driftsresultat på kr. 4.075.626 som er avsett til eigenkapital. Likviditeten er god. Føresetnaden for framhald av drifta er til stades og dette er lagt til grunn i årsrekneskapen.

Budsjett 2014

Styret har vedtatt eit budsjett for året 2014 i balanse og vil arbeide etter det.

Arbeidsmiljø og likestilling

I stiftinga har det i 2013 vore 49 fast tilsette. Av desse er 25 kvinner og 24 menn. I styret er det 5 menn og 2 kvinner.

Det har ikkje vore registrert personskadar i 2013 og sjukefråveret var på 2,82 %. Arbeidsmiljøet i stiftinga er tilfredsstillande.

Ytre miljø

Stiftinga si verksemd forureinar ikkje det ytre miljøet.

3. FAGLEG AKTIVITET I MUSEA

Strategiplan 2010-2014 for Musea i Sogn og Fjordane, «*Innsikt i fortid – utsikt til framtid*», er styringsverktøyet som skal sikre målretta og effektiv drift av museet, både som organisasjon og på avdelingsnivå. Strategiplanen definerer museet sine roller og oppgåver på generell basis ut frå gjeldande nasjonale og internasjonale retningslinjer. Vidare definerer den mål, delmål og tiltak for ulike tema.

Fornyng/samfunnsrolle og fleirkultur

Strategimål: ***Museet skal vere fagleg oppdatert og ha vilje og evne til å utvikle seg i takt med endringane i samfunnet.***

Musea i Sogn og Fjordane har som delmål å motivere til utvikling på alle nivå i museumsdrifta og spele ei aktiv samfunnsrolle. Avdelingane prøver nye måtar å nå ut til «nye» målgrupper, som t.d. å ta opp samfunnsaktuelle tema i lokalsamfunnet. Også i 2013 var det arrangert fleire debattkveldar rundt omkring i musea.

Gjennom sitt arbeid med fokus på miljø, kartlegging og evaluering av rutinar, vart Nordfjord Folkemuseum godkjent som Miljøfyrtårn i desember 2013.

Elles arbeider museumsavdelingane med å nå ut til ikkje-etniske nordmenn og ivareta den fleirkulturelle dimensjonen i verksemda. Nokre museum har jamn kontakt med norskopplæringa for framandspråklege i kommunane og dei statlege asylmottaka. Som ein del av undervisninga i

historie / samfunnsfag har såleis norskopplæringa i Sogndal faste besøksdagar på DHS – Sogn Folkemuseum. Sunnfjord Museum har samarbeidd med eit mottakssenter om praktiske gjeremål og dette har gitt ein ny type interaksjon som vil bli ført vidare. Kystmuseet har som målsetting å ivareta rolla som museum, møtestad og kollektivt minne også for andre enn etniske nordmenn. Museet har også i 2013 hatt eit tett samarbeid med opplæringscenteret i Flora kommune og besøka på museet har også fungert som kunnskapsutveksling. Kystmuseet er samarbeidspart i prosjektet «*Romanifolkets kulturminner i Sogn og Fjordane*». Det er ei vidareføring av prosjektet som produserte vandrestillinga «De reisende på Vestlandet», i regi av Haugalandsmuseene.

MiSF v/Sogn og Fjordane Kunstmuseum har i fleire år hatt prosjektsamarbeid med Bergen Kunstmuseum og Firda Produkt. Prosjektet som vart avslutta i 2012, gjekk ut på å gi ein innvandrar kompetansegeivande opplæring i preventiv konservering. Kunstmuseet har hatt stort utbytte av dette prosjektet, og vedkommande er tilsett i eit engasjement som museumsteknikar i MiSF. Innvandrara i Førde får, som ein integrert del av opplæringa i norsk, omvising på Sogn og Fjordane Kunstmuseum. Samarbeidet med Asylmottaket i Førde er meir sporadisk.

Faglege museumsnettverk

Hovudpremissane for museumsreforma byggjer på tre hovudpremissar:

Lokal forankring, regional konsolidering og nasjonal nettverksbygging. Eit overordna mål er at alle musea som får statlege driftstilskot, skal inngå i eit nasjonalt nettverk som skal legge til rette for rasjonell arbeidsdeling og samordning, motverke konkurrerande overlapping og dermed sikre fagleg samanheng og god ressursutnytting.

DHS – Sogn Folkemuseum er ansvarleg for drifta av Det nasjonale museumsnettverket for kulturlandskap, i nært samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Årleg samling i Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap vart i 2013 lagt til området kring Kongsvinger, med Hedmark fylkesmuseum, v/avdelingane Kvinnemuseet og Museet Glomdalen som vertsmuseum og samarbeidspartnar.

Musea i Sogn og Fjordane deltar i følgjande nasjonale nettverk:

Nasjonalt museumsnettverk for fiskeri og kystkultur - Fiskerinetttet

Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap (DHS-Sogn Folkemuseum er hovudansvarleg museum)

Nasjonalt museumsnettverk for kunst, arkitektur og design - Kunstnettverket

Nasjonalt museumsnettverk for magasin og bevaring

Nasjonalt museumsnettverk for museer og samtidshistorie - Samtidsnettverket

Andre nettverk/samarbeidspartar:

Museumsforbundets seksjon for formidling

Museumsforbundets seksjon for kunst

Museumsforbundets seksjon for leiing

Kunstsentrene i Norge

Nasjonalt nettverk for kvernsteinskommunane

Klonarkiv for frukt ved Norsk Genressurscenter (Nordfjord Folkemuseum har eplehage med gamle fruktsortar)

Samarbeidsavtale med NVEs Museumsordning (Nordfjord Folkemuseum samarbeid. med NVE s Museumsordning)

Partnerskapsavtale med Firda vgs og realfagscenteret – Newtonrommet (Nordfjord Folkemuseum nyttar anlegget aktivt i formidlinga)

MiSF og Valdresmusea er med i prosjektet *Kongevegen over Filefjell* som er eit interkommunalt samarbeid mellom Sogn og Fjordane og Oppland fylkeskommunar og kommunane Lærdal og Vang. Statens vegvesen deltar også i dette prosjektet som har som mål å formidle den nasjonale ferdselshistoria over Filefjell. Sogn og Fjordane Kunstmuseum ønskjer å «fornye» utstillingsprofilen i ei meir internasjonal retning og har innleia samarbeid med nordiske land o.a. europeiske land.

Forvaltning

Strategimål: ***Museet skal vere eit viktig samfunnsminne, gjennom systematisk å samle inn, bevare og gjere tilgjengeleg materielle og immaterielle minne for noverande og framtidige generasjonar***

Samlingsforvaltning er gitt høg prioritert i Musea i Sogn og Fjordane og er i tråd med statens føringar samt tilbakemeldingar, jf. kartleggingsprosjektet «Landsomfattande tilstandsregistrering av museumssamlingar», 1999-2007 .

Det er viktig å tenke heilskap i samlingsforvaltning for å kunne få til gode prioriteringar i arbeidet. Eitt av tiltaka i strategiplanen er å utarbeide ein samla forvaltningsplan for MiSF. Den vil legge føringar for lokale samlingsplanar for kvar avdeling.

Musea i Sogn og Fjordane forvaltar over 120.000 gjenstandar og kunstverk, 3 flytande farkostar, 140 båtar som ligg på land og 191 kulturhistoriske bygg med ei samla grunnflate på over 14.000 m². 13 av desse bygningane som er plasserte på Sunnfjord Museum, DHS-Sogn Folkemuseum og Kystmuseet i Sogn og Fjordane, er automatisk freda eller vedtaksfreda.

Samlingane og tilvekst

Tre avdelingar melder at det i 2013 har det vore tilnærma inntakstopp. Trass mange tilbod, har Nordfjord Folkemuseum, Sunnfjord Museum og Kystmuseet vore restriktive i høve inntak av gjenstandar, m.a. for å kunne prioritere katalogisering og fotografering av tidlegare etterslep. Registrering av restansar, ajourføring, fotografering og systematisert plassering har hatt høg prioritet, men restansane er store ved alle avdelingar. Sjølv om dette er oppgåver som ein må ha eit langsiktig perspektiv på, har avdelingane for knappe ressursar til å kunne utføre eit tidkrevjande arbeid innafør ønskjeleg tidsramme.

Ved DHS - Sogn Folkemuseum har museet si innsamlingsverksemd vore knytt opp til museet sin innsamlingsplan. I all hovudsak er dei nye gjenstandane som er tekne inn i meldingsåret, frå tida etter andre verdskrig, og dei er knytte opp mot hus, heim, interiør og kvardagsliv.

I samband med oppbygginga av Norsk Reiselivsmuseum har det vore arbeidd systematisk med innsamling av reiserelaterte gjenstandar med fokus på reiseminne (suvénirar).

Også DHS - Sogn Folkemuseum har store restansar på katalogisering. I meldingsåret har museet halde fram dette arbeidet og fotografering av tidlegare katalogisert materiale.

På grunn av store byggetekniske skader på administrasjons- og publikumsbygg har Kystmuseet halde fram arbeidet med å flytte delar av gjenstandssamlinga ut av museumsområdet som ei midlertidig ordning, Kystmuseet har også ei stor samling av udekka fartøy og større fiskereiskap, og store delar av denne samlinga er plassert i eit notaheng frå 1950-talet, eigd av Flora kommune. Det er ikkje veg fram til bygget som ligg i eit område utan tilførsel av elektrisitet og vatn, og tilrettelegging for publikumsbruk er umogleg.

Musea i Sogn og Fjordane har starta arbeidet med å greie ut alternative løysingar for bygging av eit kaldlager med plass til alle båtane i den konsoliderte museumseininga. Båtmagasinet er tenkt plassert på museumsområdet til Kystmuseet.

For eit par år sidan fekk Kystmuseet ei testamentarisk gåve som omfattar eigedom med fleire hus, innbu og ei større kunstsamling. Arbeidet med å rydde og skaffe seg oversikt over samlinga kom godt i gong i 2013. På handelsstaden Vågsberget er det kome inn nytt tilfang av gjenstandar som alle er ført inn i aksesjonsprotokoll, men er førebels ikkje registrert i Primus.

Sunnfjord Museum har også i 2013 brukt mykje ressursar på oppdatering av gamle registreringar slik at følgjene av dårlege lagringstilhøve kan dokumenterast. Så langt det er mogleg vert det gjort tiltak for å betre lagringstilhøva. I tillegg utfører museet målingar av klima og temperatur kvar veke i alle lagerrom. I dei antikvariske bygningane med mange høgt vurderte gjenstandar, viser målingane urovekkande høg RH-verdi i vinterhalvåret. Dette er nok også situasjonen for fleire avdelingar. Sunnfjord Museum må også nøye vurdere tilveksten ut frå plassmangel. Nordfjord Folkemuseum arbeider etter vedtatt innsamlingsplan som på sikt skal reviderast. Museet har sett inn ein ekstra personalressurs i halv stilling for å rette opp og ajourføre tidlegare registreringar. Arbeidet har halde fram i 2013 og personalressursen er ført vidare. Norsk Kvernsteinsenter har ikkje eiga gjenstandssamling, men deponerer to skipslastar med kvernstein og stablepinnar i stein som stammar frå forlis. Bergens Sjøfartsmuseum har forvaltningsansvaret.

Innsamlings- og innkjøpsarbeidet ved Kunstmuseet vert utført av innkjøpsnemnda/kunstfagleg råd. Innkjøpsnemnda har eigne retningsliner som vart revidert i 2013, og det vart kjøpt inn til saman 8 kunstverk i meldingsåret. Kunstmuseet mottar også gåver som vert innlemma i kunstsamlinga. All aksisjon er i samsvar med planar for innsamling, noko som også samsvarer med balansen mellom tilvekst og innsamlingsplanar for kunstmusea generelt elles i landet.

Bevaring og konservering

Det er ingen tilsette i MiSF som har formell kompetanse innan konservering, men musea har over tid tileigna seg god realkompetanse i preventiv konservering. Kunstmuseet har i 2013 halde fram arbeidet med reparasjon av kunstverk, men framleis står det att mykje konserveringsarbeid innan fleire materialtypar i museet. Kjøp av ekstern konserveringstenester frå etablerte faginstusjonar, er elles i tråd med strategiplanen og sentrale føringar.

Sikring

Fire museumsavdelingar hadde i 2013 sikringsplanar. Arbeidet med sikringsplan for NFM er i grove trekk ferdig og planen skal leggest inn i Vergo, eit nettbasert styringsprogram for oppfølging av internkontroll, før godkjenning. Sikringstilhøva for musea sine gjenstandssamlingar varierer frå gode og sikra i nærmagasinet, for dei avdelingane som har det, til lite tilfredsstillande tilhøve for samlingar som må plasserast i dei kulturhistoriske husa. På Sunnfjord Museum har alle antikvariske bygningar sikringslås, og den som inneheld flest kulturhistoriske gjenstandar har innlagt alarm som er knytt til Alarmsentralen. Det er montert alarmanlegg i alle administrasjons- og utstillingsbygg, med unntak av ei avdeling i MiSF.

Digitalisering

Arbeidet med å konvertere gamle manuelle gjenstandskatalogar inn i den digitale gjenstandsbasen, har halde fram på DHS-Sogn Folkemuseum. Dei digitale gjenstandskatalogane

er elles tilgjengeleg på internett via Digitalt Museum. Målet er at alle samlingsdata i musea etter kvart skal publiserast på denne nettstaden. Fotosamlingar som er digitaliserte, vart lagt ut på felles fotobase for Sogn og Fjordane også i 2013.

Kulturhistoriske bygningar

Musea er sentrale aktørar innan bygningsvern. Gjennom året har avdelingane utført vedlikehaldsarbeid på fleire kulturhistoriske bygg og anlegg.

Sunnfjord Museum melder at bygningar i friluftsmuseum vert haldne godt ved like og situasjonen for denne delen av drifta er ikkje dramatisk. Attåt årleg ettersyn, reparasjonar og noko målingsarbeid, vart løst på stølsanlegget gjort heilt ferdig i 2013. Det er elles dokumentert at som følgje av høgt vatn/auka nedbør, er grunnen under Nesnaustet i ferd med å bli vaska vekk og tiltak med fylling av stor stein og pukk vart sett i verk på slutten av året. Sersjantløa er bygd på leirgrunn og det er stadfesta at ho sig. I samråd med fagsjefen i MiSF må det gjennomførast ein grundig dokumentasjon før opprettingstiltak vert sett i verk.

Kystmuseet har store kostnads- og ressurskrevjande vedlikehaldsoppgåver på dei kulturhistoriske bygningane som er lokalisert i fleire kommunar i regionen, men dei har også store utfordringar når det gjeld vedlikehald på driftsbygningar og fartøy. I heile 2013 har fast tilsette og leigde handverkarar hatt Jensenbua, plassert på museumsområdet i Florø, som hovudarbeidsstad. På Jotun, kunstnarheimen til Bjørn Hegrans, har museet utført naudsynt vedlikehald på bygningane. Arbeidet med skjøtselsplan for hagen vart starta opp hausten 2013.

Nordfjord Folkemuseum har tematisk ansvar for vasskraft i fylket og det vart utført grunnarbeid på tomta til ei framtidig oppgangssag. Gjennom året er det utført målingsarbeid og reparasjonar av vindauge i husa på friluftsområdet. Taket på *Tystadstabburet* vart reparert og på *Haugenlada* vart det lagt bølgeblikktak. Alt utvendig treverk på administrasjonsbygget vart måla.

På DHS-Sogn Folkemuseum har det vore drive kontinuerleg vedlikehaldsarbeid på ei rekke av dei kulturhistoriske bygningane. Det har dessutan vore utført reparasjonar på vindauge, takrenner og tak på ulike bygg. *Arnafjordstabburet* vart tatt ned og sett opp att for å skifte ut dårleg materiale.

Prestegarden er gjort ferdig utvendig og det er utført innvendig arbeid på loftet.

Museet skifta vindauga på *Kvitevollstova* og måla huset utvendig, også gjerdet rundt huset er måla. I hovudbygningen er det bygt eit nytt kontor i bibliotekavdelinga.

Med utgangspunkt i Astrup-tunet tok Musea i Sogn og Fjordane initiativ til å prøve ut eit samarbeidsprosjekt på tvers av avdelingsstrukturen. Handverkarar i det interne handverkar-nettet starta arbeidet med å utføre dei mest presserande oppgåvene på hus og hageanlegg. Det skal utarbeidast ein vedlikehaldsplan for husa og ein skjøtselsplan for hagen og kulturlandskapet i Astrup-tunet. Prosjektet vert gjennomført i nær dialog og samarbeid med eigarkommunen Jølster, og blei vidareført i 2013. Erfaring frå tiltaket syner at prosjektet må formaliserast og ha tett oppfølging når planprosessen er avslutta og planane skal settast i verk.

Dei kulturhistoriske bygningane er eit godt utgangspunkt for informasjon om byggeskikk og handverkstradisjonar, handlingsboren kunnskap, bruk og oppleving. Vedlikehald og drift av dei kulturhistoriske bygningane er kostnadskrevjande og kan sprengje driftsbudsjetta. Det er difor viktig at musea tenkjer langsiktig, utarbeider vedlikehaldsplanar og set av midlar til vedlikehald i langtidsbudsjettet.

Forsking og kunnskapsutvikling

Strategimål: ***Skape betre fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling gjennom forsking og kunnskapsutvikling.***

I strategiplanen er forsking vurdert som ein viktig del av Musea i Sogn og Fjordane sine faglege arbeidsområder. Forsking og kunnskapsutvikling ved musea er eit nødvendig fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling og skal sikrast gjennom auka forskingssamarbeid, både i museumsnettverket og mellom musea og forskingsmiljøa.

Ikkje alle avdelingar har eigne forskingsprosjekt, men deltar i samarbeidsprosjekt med andre museum og nettverk. Musea i MiSF gir ut årbøker og/eller andre publikasjonar.

DHS-Sogn Folkemuseum har i 2013 avslutta arbeidet med eit større forskingsprosjekt, støtta av Norsk kulturråd, *"Norgesgården"*. Forskningsprosjektet var også eit nettverksprosjekt i regi av det nasjonale museumsnettverket for kulturlandskap og Høgskulen i Sogn og Fjordane. I tillegg til DHS-Sogn Folkemuseum, involverte det fem andre museum i Oppland, Rogaland, Hordaland og Finnmark.

I samband med forskingsprosjektet vart det laga ein skjøtels- og formidlingsplan for småbruket Eidet, og det er laga ein sluttrapport for heile prosjektet.

Vidare har museet også deltatt i forskingsprosjektet *"Fordoms frukter"* som er eit pilotprosjekt for dokumentasjon av tradisjonell kunnskap om eldre eplesortar. Ein dokumenterer også dyrking, bruk og minne om eplesortar som har vore i bruk i fruktdistrikta i Sogn. Hovudtyngda av arbeidet har vore i regi av Vestlandsforskning, men koordinert med Norsk Fruktmuseum, Njøs næringsutvikling, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og MiSF ved avdeling DHS-Sogn Folkemuseum. Norsk genressurssenter har gitt økonomisk støtte.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum held fram med generell forsking i eiga samling og den regionale kunsthistoria. Av særlege forskingsprosjekt som kunstmuseet arbeider med, vil ein trekke fram *Anders Svor – skulpturar*. På bakgrunn av 150 års jubileet for Anders Svor sin fødsel som vert markert i 2014, arbeider museet med ein gjennomgang av kunstnaren sin produksjon med tanke på ny montering av samlinga og publikasjon av utvalde verk.

Som grunnlag for komande utstilling med Knut Rumohr, er kunstmuseet i gong med å gå gjennom verk som er i familien Rumohr sitt eige. Sogn Kunstsenter opnar utstillinga *Etterletne måleri* i 2014, og det blir gitt ut eigen publikasjon av utvalde verk.

"Hjarteleg velkomen" markerte Oddvar Thorsheim 75 år i 2013. Jubileumsutstillinga var forskingsbasert. I Sogn og Fjordane Kunstmuseum sin skriftserie «MYNDIR», blei publikasjonen *TREKK* utgitt i høve presentasjon av islandsk samtidskunst.

Formidling

Strategimål: ***Alle avdelingane i museet skal vere gode møteplassar, formidle kunnskap og gje spennande opplevingar til publikum og brukarar i alle aldrar.***

Musea skal gje både kunnskap og oppleving og vere tilgjengelege for alle. Det er gjennom formidlinga at musea er mest synlege i gjennomføring av samfunnsoppgåvene sine.

I kulturdepartementets tilskotsbrev for 2013 blir musea m.a. utfordra på si samfunnsrolle.

"Samfunnsoppdraget åt musea ligg i å utvikla og formidla kunnskap om korleis menneska forstår og samhandlar med omgjevnaden. I dette ligg stor fagleg fridom og samstundes utfordringar for musea med å definera kva som er relevant og viktig i eit samfunnsperspektiv. --- Musea skal ha ei fagleg fri stilling som gjev handlingsrom for å stilla kritiske spørsmål om både fortida og notida. Dette krev armlengds avstand til offentlege styremakter."

Kystmuseet i Sogn og Fjordane har hatt sine faste formidlingstilbod til skular med sildeflekking, båtar og leik, mat i gamle dagar og oljeutvinninga i Nordsjøen. Museet har nytta autolinebåten *Haugefisk* aktivt i formidlinga, m.a. på "*Fjordsteam*" i Bergen og i samband med markeringa av fylkesjubileet i Leikanger 16. september. Også galeasen *Svanhild der Holvikjekta* vart presentert gjennom ei utstilling, deltok i markeringa. *Haugefisk* vert og formidla av *Haugefisk venner* til både skuleelevar og andre interesserte. I 2013 ferdigstilte kystmuseet oppgradering av oljeutstillinga og markerte "gjenopninga" i samarbeid med oljeselskapet GDF ZUES. I tilknytning til utstillinga markerte museet Sogn og Fjordane fylke sitt 250 års jubileum gjennom å formidle oljeindustrien på kysten av Sogn og Fjordane. Fylkesordføraren opna utstillinga.

Sunnfjord Museum har utvikla eit tre-årig samarbeidsprosjekt med Sunde Oppvekstsenter. Kvar veke har 7. klassingar 6 timar knytt til immaterielle kulturytringar og utøving av handlingsboren kunnskap der forståing av føresetnader og prosessar er viktige faktorar. Det blir lagt stor vekt på referansar i nærmiljøet, både menneskelege og i kulturlandskapet. Prosjektet er ressurskrevjande, men evaluering ved årsskiftet syner at både skulen og museet opplever dette som meningsfullt. Det blir no arbeidd med eit prosjekt som gjer det mogleg for andre skular å gå inn i liknande satsingar. Avslutninga for Sunde-prosjektet i 2013 var eit jonsok-arrangement på museumsområdet der elevane var vertsskap. Museet arrangerte også *Kortreist vinter- og haustferie*. Aktivitetsdagane er eit populært tilbod for dei som ikkje reiser vekk i vinterferien.

Nordfjord Folkemuseum har utvikla utreiseprogram til skular i regionen i tillegg til gode og varierende formidlingsopplegg i museet. I meldingsåret har formidlar i museet reist ut til Nordfjord-kommunar med utstillingane: "*Kraftfylket Sogn og Fjordane*" (Nordfjord Folkemuseum si markering av jubileet for Sogn og Fjordane fylke) og "*Kvinnestemmer frå Sogn og Fjordane*". Også Nordfjord Folkemuseum hadde aktivitetstilbod i haust- og vinterferien, spesielt lagt til rette for familiar med born på ulike alderstrinn.

DHS-Sogn Folkemuseum har eit fast pedagogisk tilbod som spenner frå barnehage via grunnskule og vidaregåande skule til høgskulenivå. Museet har utarbeidd eit breitt sett med skuleopplegg som er tilpassa læreplanane. Det er lagt vekt på at opplegga skal ha høg kvalitet. Museet melder at talet på studentar og vaksne elevar som nyttar dei pedagogiske tilboda, har auka. Sogn Folkemuseum legg og vekt på å utvikle godt samarbeid med lag og organisasjonar i regionen. Saman med Sogn Bunadsnettverk arrangerer museet fast handarbeidskafé med tema knytte til museumssamlingane.

Norsk Kvernsteinsenter har vidareført samarbeidet med Hyllestad skule om formidlingsopplegget i Kvernsteinparken. 8. klassingar frå Hyllestad skule får ein halv skuledag i veka med opplæring i kvernsteinshistoria og praktiske aktivitetar knytt til den. Dei får også opplæring i å formidle historia, noko dei besøkande set stor pris på. *Hyllestadseminaret* er blitt eit årleg arrangement for Norsk Kvernsteinsenter i samarbeid med Folkeakademiet Hyllestad og Kvernsteinslauget, og samlar deltakarar frå heile landet. Temaet i 2013 var *Kvernstein, brynestein og kross*.

Gjennom året har musea i fylket fleire arrangement med ulikt innhald for ei breiare målgruppe, for på denne måten å nå ut til lokalsamfunnet. Også fagtematiske samlingar i seminarform, har vore gjennomført med relativt god oppslutning.

Utstillingar

Talet på vandreutstillingar og temporære utstillingar har auka. Dei er rimelegare og mindre tidkrevjande å produsere, i motsetnad til å etablere nye basisutstillingar. Det har også vist seg å vere ei utfordring å finansiere produksjon av viktige basisutstillingar.

DHS-Sogn Folkemuseum har varierte tema i basisutstillingane. På familiedagen i september opna museet *Kvitevollstova* med «nye» møblar i stovene.

Norsk Reiselivsmuseum laga ei plakatutstilling til grunnsteinsnedlegginga. Utstillinga vart montert på rigg-gjerdet som er sett opp for vern rundt byggeplassen.

Nordfjord Folkemuseum har vist fleire utstillingar gjennom året. Museet er involvert i fleire faste årlege arrangement i samarbeid med andre, som t.d. *Gloppen musikkfest*, *Kulturnatt i Nordfjord* og *Matamål*. For første gong arrangerte museet *Julemarknad*. Marknaden var særdeles vellukka og vil truleg bli arrangert neste år også.

Rammevilkåra er utfordrande for utstillingar ved Sunnfjord Museum og dette avgrensar tilbodet. Trass liten plass, har museet vist fleire større og mindre utstillingar gjennom året. Til utstillingane vart det knytt temakvelder og/eller skuleopplegg, og erfaringane synes at slike komplementære tiltak har mykje føre seg.

Kystmuseet i Sogn og Fjordane har også varierte tema i sine basisutstillingar. Gjennom året har dei også presentert fleire innlånte utstillingar. I 2012 fekk museet frå GDF SUEZ ei gåve som gjekk til å oppgradere og fornye oljeutstillinga som vart "re-opna" i mars 2013.

Forutan nyproduserte basispresentasjonar i Sogn og Fjordane Kunstmuseum, viste museet sju skiftande utstillingar i Førde.

Kunstmuseet gjennomførte tre prosjekt laga av born frå Førde: Elevutstillinga 6. klasse "*Kunst og handverk*" - Gruppearbeid - og ei utstilling av boss som var eit jubileumsarrangement for Sunnfjord Miljøverk. Her hadde fantasien fått fritt spelrom og borna hadde boltra seg med fargeskalaen.

I samband med utstillinga "*Munch i koffert*" gjennomførte museet det tilhøyrande Ipad-baserte formidlingsopplegget.

Eikaasgalleriet presenterte ei ny montering av kunstsamlinga basert på erfaringane frå 2010 og 2011. Saman med dokumentarisk materiale og bilde frå kunstnaren Ludvig Eikaas sitt liv, gir utstillinga "*Ludvig Eikaas - Liv og virke*", eit konsentrert og samla innblikk i eit mangslunge og allsidig kunstnarskap. I 2013 var det ikkje gjesteutstillar i Anders Svor Museum.

Sogn Kunstsenter presenterte kunstmuseet utstillinga "*Jens Hauge – menneske og natur*".

Immateriell kulturarv

Dei kulturhistoriske musea i MiSF legg vekt på den immaterielle kulturarven og formidlar handlingsboren kunnskap gjennom deltaking. I Museumsplan for Sogn og Fjordane (2006-2010), vart Sunnfjord Museum peika ut til å ha eit særleg ansvar for handlingsboren kunnskap og immateriell kulturytring. Museet fokuserer på immateriell kulturarv i alle delar av arbeidet. I 2012 har det vore særleg fokus på tradering av kunnskap og teknikkar i tekstilfag, dessutan folkelege førestillingar i samband med overgangsritar. NRK Sogn og Fjordane nyttar ofte tilsette i museet som informantar i sine lokalsendingar om forskjellige tradisjonsemne. Sunnfjord Museum har også gjennomført kurs i grindbygg med fleire "lærlingar" og studentar for instruksjon og halde fleire eksterne foredrag og førelesingar. Gjennom utstillinga "*Ei tru med alt*", får DHS-Sogn Folkemuseum ikkje berre sett fokus på gjenstandssamlinga knytt til folketru, men også sjølve folketrua og tradisjonen som gjenstanden står i.

Universell utforming

Med unntak av Kunstmuseet, er det ingen avdelingar i MiSF som fyller krava til universell utforming etter forskriftene. Dei kulturhistoriske avdelingane har store utfordringar med å tilpasse friluftsavdelinga og legge til rette for personar med nedsett funksjonsevne, men avdelingane melder at dei legg til rette så langt råd er. Ingen av museumsavdelingane har teksta med blindeskrift, og berre ei avdeling har teleslynge.

Digital formidling

Å ta i bruk digital informasjonsteknologien kan vere utfordrande med omsyn til formidling mot publikum som besøker musea, og brukarar av museumstilboda på internett. Mange museum er i startgropa når det gjeld digitale satsingar, og det er og situasjonen for Musea i Sogn og Fjordane. Alle musea har publisert forteljingar på Digitalt fortalt, basert på kjelder og materialar i samlingane. Som eit pedagogisk hjelpemiddel arbeider museumsavdelingane i MiSF i samarbeid med ABM - Sogn og Fjordane, med ein digital tidsakse som skulane og musea skal kunne bruke i samarbeid eller kvar for seg.

Norsk kulturråd løyvde i 2013 midlar til å starte opp eit treårig prosjekt om: *Digital reiselivshistorisk formidling*. Med prosjektet ønskjer ein å utvikle eit digitalt system for utstillings- og internettpresentasjon av reiselivshistorisk innhald ved bruk av semantisk teknologi. Prosjektet vert drive i nært samarbeid med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og vil vere til stor nytte for arbeidet med utstillingar nettpresentasjonar ved Norsk Reiselivsmuseum. Avdelingane i MiSF har lagt ut fleire tusen gjenstandar på Digitalt museum. Kunstmuseet legg ut samlinga på Digitalt museum etter kvart som den vert registrert og ein ikkje kjem i konflikt med spørsmål om opphavsrett. Musea nyttar eigne heimesider og nokre av musea brukar i tillegg Facebook, Instagram og Flickr som informasjonskanalar.

Den kulturelle skulesekken

I den fylkeskommunale strategiplanen 2010-2014 for Den kulturelle skulesekken (DKS), er det eit uttrykt ønske om å samarbeide tettare med musea og diskutere moglegheiter for faste tilbod som kan rullere mellom dei ulike avdelingane. Slike samarbeidsprosjekt har vore prøvd og med godt resultat.

I meldingsåret har avdelingane hatt eit godt og formalisert samarbeid med DKS i høve Stemmerettsjubileet/Røysterett for kvinner 1913-2013. DKS dekkar m.a. transportkostnadane for elevar i ungdomsskulen som vitja musea i høve vandreutstillinga "*Kvinnestemmer frå Sogn og Fjordane*".

Røysterett for kvinner 1913-2013

I høve stemmerettsjubileet og 250 års jubileet for Sogn og Fjordane fylke, vart det tatt initiativ til ei jubileumsutstilling som skulle vandre rundt i Sogn og Fjordane fylket i jubileumsåret.

Utstillinga "*Kvinnestemmer frå Sogn og Fjordane*", var eit samarbeid mellom Musea i Sogn og Fjordane, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Utstillingsprosjektet vart finansiert med økonomisk støtte frå Fritt Ord, Barne- og likestillings- og integreringsdepartementet og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det er utarbeidd katalog som følgjer utstillinga og eigen prosjektrapport.

Dei kulturhistoriske musea deltok i utforminga av innhaldet i utstillinga som portretterte 26 kvinner, ei frå kvar kommune i fylket. Med stort arrangement og konsert med Sigrid Moldestad, vart utstillinga opna 4. mai på DHS-Sogn Folkemuseum. Fylkestinget markerte sjølve

jubileumsdagen 11. juni på Sunnfjord Museum. Utstillinga er produsert i 3 eksemplar og musea hadde omfattande skuleformidling i tilknytning til utstillinga.

Sogn og Fjordane 250 år

Fylkeskommunen inviterte MiSF til samarbeid i høve fylkesjubileet og avdelingane deltok med ulike arrangement og utstillingar. Under jubileumsmarkeringa på Leikanger i september, deltok m.a. Kystmuseet i Sogn og Fjordane med autolinebåten *Haugefisk* og galeasen *Svanhild*. Om bord i *Svanhild* kunne dei besøkjande sjå utstillinga om *Holvikejekta* frå Nordfjord.

Sogn og Fjordane Bondelag tok initiativ til eit samarbeid med MiSF om ei større markering på Breim i Gloppen kommune. Museumsavdelingane Norsk Kvernsteinsenter, Sunnfjord Museum og Nordfjord Folkemuseum deltok med utstilling og demonstrasjon av handverksteknikkar.

Grunnlovsjubileet 1814

Musea i Sogn og Fjordane fekk tildelt 400.000 frå kulturdepartementet til markering av Grunnlovsjubileet. Avdelingane arbeider med ulike tiltak, utstillingar og markeringar som samla vil framstå som ein heilskap i MiSF.

Besøkstal 2013

I 2012 vart det utarbeidd felles rapporteringsskjema for besøkjande med utgangspunkt i føringane om publikumsregistrering frå museumsseksjonen i Norsk kulturråd.

Avdelingane rapporterer kvar månad til administrasjonen.

Omlegging av registreringskriteria var eit nødvendig grep fordi historisk hadde avdelingane ulike måtar å registrere publikum på. Det har m.a. ført til at besøkstala ved dei kulturhistoriske avdelingane er vesentleg lågare enn registreringane frå tidlegare år.

Samanlikna med besøkstala for 2012 har det i 2013 vore positiv auke i besøkstala ved Nordfjord Folkemuseum, Sunnfjord Museum og Kystmuseet. Samla har dei i snitt hatt ei auke på ca 10 %.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum har hatt nedgang i besøkstala for 2013, samanlikna med besøkstala i 2012 og DHS-Sogn Folkemuseum har hatt markert nedgang i besøkstala for 2013, spesielt har talet på enkeltbesøkjande gått ned medan skulebesøka har hatt god auke.

Nokre avdelingar melder om nedgang i turisttrafikken. Ei forklaring kan vere endring i organiserte turistruter og generell sviakt av utanlandske turistar til regionen.

Norsk Reiselivsmuseum, avd. ved DHS-Sogn Folkemuseum, har ikkje vore ope for publikum i 2013 p.g.a. av byggeaktiviteten som vil gå føre seg fram til våren 2014.

| Besøk (sum alle gr.) | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------------------|----------------|---------------|----------------|---------------|---------------|
| DHS - Sogn Folkemuseum | 49 500 | 39 800 | 51 000 | 19 131 | 14 512 |
| Kystmuseet i Sogn og Fj. | 10 500 | 11 600 | 8 800 | 8 474 | 9 003 |
| Nordfjord Folkemuseum | 22 800 | 10 900 | 9 200 | 6 765 | 7 795 |
| Sunnfjord Museum | 15 100 | 15 100 | 13 000 | 8 959 | 9 679 |
| Sogn og Fj. Kunstmuseum | 21 900 | 21 700 | 20 100 | 19 994 | 18 476 |
| Norsk Kvernsteinsenter | | | | | 793 |
| SUM REGISTRERT | 119 800 | 99 100 | 102 100 | 63 323 | 60 258 |

4.OPPSUMMERING

2013 har totalt sett, vore eit godt driftsår for Musea i Sogn og Fjordane. Styret vil her få nytte høve til å takke alle tilsette, eigarstyra i avdelingane, valde representantar i museets styrande organ, samt offentlege og private tilskotsytarar, samarbeidspartar, lag og organisasjonar og frivillige for godt utført arbeid og konstruktivt samarbeid, til beste for Musea i Sogn og Fjordane.

Sandane, 25. februar 2014




Harry Mowatt
Styreleiar



Laura Kvamme
Nestleiar



Olin Johanne Henden
Styremedlem




Olve Grotle
Styremedlem



Arild Hartmann Eriksen
Styremedlem



Asbjørn Tyssen
Styremedlem



Kristian Systad
Styremedlem



Anne-Marie Førde
Direktør

Resultatrekneskap for 2013
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

| | Note | 2013 | 2012 |
|---|------|---------------------------|---------------------------|
| Salsinntekt | | 2 221 996 | 2 219 341 |
| Driftstilskot | 4 | 43 921 986 | 39 879 740 |
| Inntekter prosjekt | 6 | 2 568 493 | 339 190 |
| Anna driftsinntekt | | <u>1 202 016</u> | <u>1 017 604</u> |
| Sum driftsinntekter | | <u>49 914 491</u> | <u>43 455 875</u> |
| Varekostnad | | -487 011 | -1 368 294 |
| Utstillingskostnader m.m | | -1 463 733 | -2 146 605 |
| Lønskostnad | 1 | -29 225 743 | -25 612 152 |
| Avskr. varige driftsmidl./immaterielle eigendelar | 2 | -516 649 | -583 169 |
| Andre driftskostnader | 1,8 | <u>-14 783 146</u> | <u>-14 388 235</u> |
| Sum driftskostnader | | <u>-46 476 282</u> | <u>-44 098 455</u> |
| Driftsresultat | | <u>3 438 209</u> | <u>-642 580</u> |
| Inntekter på andre investeringar | | 47 177 | 8 910 |
| Annan renteinntekt | | 593 877 | 809 648 |
| Annan finansinntekt | | <u>19 930</u> | <u>12 933</u> |
| Sum finansinntekter | | <u>660 984</u> | <u>831 491</u> |
| Annan rentekostnad | | -16 146 | -11 172 |
| Annan finanskostnad | | <u>-7 422</u> | <u>-12 452</u> |
| Sum finanskostnader | | <u>-23 568</u> | <u>-23 624</u> |
| Netto finans | | <u>637 416</u> | <u>807 867</u> |
| Årsresultat | | <u>4 075 625</u> | <u>165 287</u> |
| Overføringer | | | |
| Overføringer til/frå annan eigenkapital | | <u>4 075 626</u> | <u>165 287</u> |
| Sum overføringer og disponeringar | | <u>4 075 626</u> | <u>165 287</u> |

Balanse pr. 31. desember 2013

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane


| | Note | 2013 | 2012 |
|---|------|--------------------------|--------------------------|
| EIGENDELAR | | | |
| Anleggsmidler | | | |
| Varige driftsmidler | | | |
| Inventar, verkty, kontormaskiner og liknande | 2 | <u>1 153 300</u> | <u>2 115 000</u> |
| Sum varige driftsmidler | | <u>1 153 300</u> | <u>2 115 000</u> |
| | | | |
| Finansielle anleggsmidler | | | |
| Investeringar i aksjar og andelar | | 186 530 | 186 530 |
| Andre fordringar | 7 | <u>1 049 998</u> | <u>1 208 121</u> |
| Sum finansielle anleggsmidler | | <u>1 236 528</u> | <u>1 394 651</u> |
| Sum anleggsmidler | | <u>2 389 828</u> | <u>3 509 651</u> |
| | | | |
| Omløpsmidlar | | | |
| Varer | | <u>1 139 000</u> | <u>669 000</u> |
| Sum varer | | <u>1 139 000</u> | <u>669 000</u> |
| | | | |
| Fordringar | | | |
| Kundefordringar | | 1 224 356 | 1 084 198 |
| Andre fordringar | | <u>2 718 069</u> | <u>2 242 503</u> |
| Sum fordringar | | <u>3 942 425</u> | <u>3 326 701</u> |
| | | | |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | 5 | <u>24 046 013</u> | <u>17 241 516</u> |
| Sum bankinnskot, kontantar og liknande | | <u>24 046 013</u> | <u>17 241 516</u> |
| | | | |
| Sum omløpsmidlar | | <u>29 127 438</u> | <u>21 237 217</u> |
| Sum eigendelar | | <u>31 517 266</u> | <u>24 746 868</u> |

Balanse pr. 31. desember 2013


Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

| | Note | 2013 | 2012 |
|-----------------------------------|------|-------------------|-------------------|
| EIGENKAPITAL OG GJELD | | | |
| Eigenkapital | | | |
| Innskoten eigenkapital | | | |
| Grunnkapital | 3 | 100 000 | 100 000 |
| Sum innskoten eigenkapital | | 100 000 | 100 000 |
| Opptent eigenkapital | | | |
| Annan eigenkapital | | 16 168 709 | 11 850 233 |
| Sum opptent eigenkapital | | 16 168 709 | 11 850 233 |
| Sum eigenkapital | 3 | 16 268 709 | 11 950 233 |
| Gjeld | | | |
| Anna langsiktig gjeld | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | | 0 | 36 845 |
| Sum anna langsiktig gjeld | | 0 | 36 845 |
| Sum langsiktig gjeld | | 0 | 36 845 |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Leverandørgjeld | | 3 207 933 | 2 029 845 |
| Skuldige offentlege avgifter | | 2 028 162 | 1 777 719 |
| Kortsiktig konserngjeld | | 100 000 | 0 |
| Anna kortsiktig gjeld | 9 | 5 463 841 | 4 077 795 |
| Pågåande prosjekt | 6 | 4 448 621 | 4 874 431 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 15 248 557 | 12 759 790 |
| Sum gjeld | | 15 248 557 | 12 796 635 |
| Sum eigenkapital og gjeld | | 31 517 266 | 24 746 868 |


Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane
Sandane 25.02.2014



Harry Mowatt
Styreleiar



Laura Kvamme
Nestleiar



Olin Johanne Henden
Styremedlem


Olve Grotle
Styremedlem


Arild Hartmann Eriksen
Styremedlem


Asbjørn Tyssen
Styremedlem


Kristian Systad
Styremedlem


Anne-Marie Førde
Direktør

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Notar til rekneskapen 2013

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg for små føretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er lagde til grunn:

Generelle inntekts- og kostnadsføringsprinsipp

Inntekter er resultatført når den er opptent. Utgifter samanstillast og kostnadsførast samstundes med dei inntekter som utgiftene kan relaterast til.

Utgifter som ikkje kan relaterast direkte til inntekter vert kostnadsførte når dei påløper.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av egedelar og gjeld.

Egedelar bestemt til varig eige eller bruk, er klassifisert som anleggsmidlar.

Andre egedelar er klassifisert som omløpsmidlar.

Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmiddel.

Ved klassifisering av kortsiktig gjeld er tilsvarande kriterier lagde til grunn.

Anleggsmidlar vert vurderte til innkjøpskost, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet vert rekna som ikkje forbigåande.

Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig.

Omløpsmidlar vurderast til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi.

Konsolidering

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vart stifta 14. januar 2009, og har overtatt drifta av følgjande museer:

Stiftinga De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

(herunder stiftinga Norsk Reiselivsmuseum)

Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Sunnfjord Museum

Nordfjord Folkemuseum

Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter

- Drifta av Norsk Kvernsteinsenter er overteken av Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane frå 01.01.2013, og alle eigendelar og gjeld samt anna eigenkapital er frå same dato overført.

I 2010 blei Stiftinga Norsk Reiselivsmuseum registrert som fusjonert med Dei Heibergske Samlinger. Etter avtalen mellom Dei Heibergske Samlinger og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane, vart delar av verdiane overført til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Verdien er tilført eigenkapitalen pr 01.01.2010 med kr. 493.170.

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane
Notar til rekneskapen 2013

Note 1 – Tilsette, godtgjersle, mv.

| Lønskostnad | 2013 | 2012 |
|-------------------------|-------------------|-------------------|
| Løn | 22 642 567 | 19 962 761 |
| Arbeidsgjevaravgift | 2 928 213 | 2 396 596 |
| Pensjon | 3 237 395 | 2 848 470 |
| Andre personalkostnadar | 417 568 | 404 325 |
| Sum | 29 225 743 | 25 612 152 |

Antall årsverk **55** **50**

Stiftinga er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har pensjonsordning som tilfredsstillar krava i denne lova.

| Ytingar til leiande personar | Dagleg leiar | Styret |
|-------------------------------------|---------------------|----------------|
| Løn dagleg leiar | 748 607 | 188 895 |
| Andre ytingar | 7 829 | 6 551 |
| Sum | 756 436 | 195 446 |

| Revisor | 2013 | 2012 |
|-----------------------------------|-------------|-------------|
| Revisjon | 74 100 | 84 130 |
| Andre revisjonsrelaterte tenestar | 34 400 | 24 200 |

Note 2 – Anleggsmidlar

| | Uteområde avd. 4 | Inventar utstyr | Sum |
|------------------------------|-----------------------------|----------------------------|------------------|
| Innkjøpskost 1.1 | 79 337 | 3 713 434 | 3 792 771 |
| Avgang i året | | 445 051 | 445 051 |
| Tilgang i året | | 0 | 0 |
| Innkjøpskost 31.12 | 79 337 | 3 268 383 | 3 347 720 |
| Samla ordinære avskrivningar | 79 337 | 2 115 083 | 2 194 420 |
| Bokført verdi 31.12 | 0 | 1 153 300 | 1 153 300 |
| Årets ordinære avskrivningar | | 516 649 | 516 649 |
| Levetid | 5 år | 5 år | |
| Avskrivningsmetode | Lineær | Lineær | |

**Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane
Notar til rekneskapen 2013**

Note 3 – Spesifikasjon egenkapital.

| Stiftarar | SUM |
|--|----------------|
| Sogn og Fjordane fylkeskommune | 50 000 |
| Nordfjord Folkemuseum | 10 000 |
| Sunnfjord Museum | 10 000 |
| Sogn og Fjordane Kunstmuseum | 10 000 |
| Kystmuseet i Sogn og Fjordane | 10 000 |
| De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum | 10 000 |
| SUM | 100 000 |

Spesifikasjon egenkapital

| | Grunn- kapital | Anna egenkapital | Sum egenkapital |
|--|---------------------------|-----------------------------|----------------------------|
| Eigenkapital 01.01 | 100 000 | 11 850 233 | 11 950 233 |
| Anna EK Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter 01.01 | | 301 876 | 301 876 |
| EK overført til prosjekt 01.01 | | -59 027 | -59 027 |
| Årets resultat | | 4 075 626 | 4 075 626 |
| Eigenkapital 31.12 | 100 000 | 16 168 708 | 16 268 708 |

Note 4 – Driftstilskot

| | 2013 | 2012 |
|----------------|-------------------|-------------------|
| Statstilskot | 25 886 000 | 23 886 000 |
| Fylkestilskot | 13 587 494 | 11 937 000 |
| Kommunetilskot | 4 448 492 | 4 056 740 |
| Sum: | 43 921 986 | 39 879 740 |

Note 5 – Bundne bankinnskot

Av innestående i bank er kr. 980.498,- bundne skattetrekksmidlar.

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane Notar til rekneskapen 2013

Note 6 – Prosjekt i arbeid

Stiftelsen mottok årleg tilskot. Midlar gjeve til bestemte prosjekt blir avsett i rekneskapen og resultatført når dei vert brukt.

| Prosjektnamn | Prosj. | Avd | Saldo 01.01 | Motteke | Brukt av | | Saldo 31.12 |
|---|--------|----------|------------------|------------------|------------------|----------------|------------------|
| | | | | | Brukt | samarb.partn. | |
| Foto Jølster | | 1 | 250 155 | | | | 250 155 |
| Grunnlovjubileum 200 år | 1814 | 1 | 0 | 400 000 | | | 400 000 |
| Sum avdeling 1 | | | 250 155 | 400 000 | 0 | | 650 155 |
| Vasskraftprosjektet | 2013 | 2 | 129 889 | 0 | 77 050 | | 52 839 |
| Alarmanlegg - Sikringsmidlar ABM | 2016 | 2 | 0 | 68 000 | 0 | | 68 000 |
| Sum avdeling 2 | | | 129 889 | 68 000 | 77 050 | | 120 839 |
| Vamråk | 3021 | 3 | 127 913 | | | | 127 913 |
| Lisetbua | 3022 | 3 | 19 827 | | | | 19 827 |
| Ulvefalden | 3040 | 3 | 12 614 | | | | 12 614 |
| Langebua | 3041 | 3 | 90 000 | | 46 607 | | 43 393 |
| Holvik skule | 3043 | 3 | 20 000 | | | | 20 000 |
| Betongskade KSF | 3045 | 3 | 202 775 | | | | 202 775 |
| Høgskulelauget | 3046 | 3 | 200 000 | | | | 200 000 |
| Kystøkologisk avd. | 3048 | 3 | 21 982 | | | | 21 982 |
| Veg Brendøya | 3300 | 3 | 464 276 | | 161 072 | | 303 204 |
| Vågsberget Sjøbua | 3451 | 3 | 41 000 | | 41 000 | | 0 |
| NVE midlar | 3450 | 3 | 10 000 | | | | 10 000 |
| Bru Keilevågen | 3460 | 3 | 4 342 | | 4 342 | | 0 |
| Gjøa utstilling (GDF Suez) | 3461 | 3 | 420 197 | | 420 197 | | 0 |
| Reperasjon rør Haugefisk | 3463 | 3 | 0 | | 191 777 | | -191 777 |
| Vågsberget interiør (Sp.Vest) | 3464 | 3 | 25 168 | | | | 25 168 |
| Vågsberget hovudhus (Vestenfjels.) | 3465 | 3 | 40 927 | | 9 250 | | 31 677 |
| Sum avdeling 3 | | | 1 701 021 | | 874 245 | | 826 776 |
| Driftstilskot stat 2009 | 4054 | 4 | 100 000 | | | | 100 000 |
| Tekstilkonservering | 4055 | 4 | 27 265 | | | | 27 265 |
| Mostien | 4057 | 4 | | 59 517 | | | 59 517 |
| Gåver kto 2987 | | 4 | 5 000 | | | | 5 000 |
| Fauskefondet | 4058 | 4 | 9 515 | 232 | | | 9 747 |
| Sum avdeling 4 | | | 141 780 | 59 749 | | | 201 529 |
| Elvhaug | 5917 | 5 | 226 291 | 15 055 | 17 837 | | 223 509 |
| Nasjonalt kulturlandskap | 5918 | 5 | 40 365 | | 40 365 | | 0 |
| Video båtbygging | 5920 | 5 | 46 925 | | | | 46 925 |
| Bygg Reiselivsmuseum | 5926 | 5 | 1 468 399 | 71 220 | 273 599 | | 1 266 020 |
| Fjordmuseum | 5927 | 5 | 45 643 | | | | 45 643 |
| Kulturlandskap museum | 5928 | 5 | 161 488 | | 6 075 | | 155 413 |
| Naturfag glede/nytte | 5933 | 5 | 22 401 | | | | 22 401 |
| Tidsakse | 5936 | 5 | 8 692 | | | | 8 692 |
| Slusken fortel | 5937 | 5 | 200 000 | | 25 760 | | 174 240 |
| Norgesgården | 5938 | 5 | 426 063 | | 200 000 | 219 000 | 7 063 |
| Sognamat før og no | 5939 | 5 | 5 317 | 12 500 | 17 817 | | 0 |
| Digital reiselivshistorie | 5940 | 5 | | 425 000 | 362 238 | | 62 762 |
| Kvinnestemmer frå Sogn og Fj. | 5941 | 5 | | 150 000 | | 150 000 | 0 |
| Sum Avdeling 5 | | | 2 651 584 | 673 775 | 943 691 | 369 000 | 2 012 668 |
| Saldo 01.01 før Norsk Kvernsteins. | | | 4 874 429 | | | | |
| Geologien som verdiskapar | 7016 | 7 | | 464 110 | 464 110 | | 0 |
| Kvernstein som internasj. reiselivspr. | 7013 | 7 | | 209 396 | 209 396 | | 0 |
| Utviklingsmidlar NKS | 7017 | 7 | 636 654 | | | | 636 654 |
| Sum Avdeling 7 | | 7 | 636 654 | 673 506 | 673 506 | | 636 654 |
| Sum totalt | | | 5 511 083 | 1 875 030 | 2 568 492 | 369 000 | 4 448 621 |

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane
Notar til rekneskapen 2013

Note 7 – Lån til Kvikne's Hotel AS

Stiftinga har ytt lån til Kvikne's Hotel AS 14.02.2008 på kr. 1.750.000.
 Lånet skal nedbetalast over 15 år og med ein rentesats på 3% p.a.
 Det er ikkje stilt trygd for lånet. Restsaldo pr. 31.12.2013 er kr 1.049.998.

| Note 8 Andre driftskostnader | 2013 | 2012 |
|-------------------------------------|-------------------|-------------------|
| Fraktkostnader | 70 752 | 112 959 |
| Kostnader lokalar | 3 875 696 | 4 638 645 |
| Leige av driftsmidlar | 604 970 | 535 920 |
| Inventar, utstyr etc. | 2 998 440 | 2 783 783 |
| Reparasjon/vedlikehald | 2 574 953 | 2 216 177 |
| Revisjon, rekneskap, konsulent | 1 478 210 | 805 373 |
| Kontorkostnader | 802 695 | 847 639 |
| Bilkostnader | 85 325 | 91 107 |
| Reisekostnader | 1 036 902 | 1 052 222 |
| Marknadsføringskostnader | 414 802 | 872 772 |
| Andre driftskostnader | 840 401 | 431 638 |
| SUM KOSTNADER | 14 783 146 | 14 388 235 |

| Note 9 Anna kortsiktig gjeld | 2013 | 2012 |
|-------------------------------------|------------------|------------------|
| Norsk Kvernsteinsenter | 100 000 | |
| Påløpte feriepengar | 2 611 094 | 2 290 341 |
| Trekt fagforeiningskontingent | 23 065 | 5 106 |
| Påløpte renter | - | 249 |
| Andre påløpte kostnader | 2 664 148 | 1 578 741 |
| Skuldig BHK avgift | 62 430 | 58 345 |
| Skuld kunst i kommisjon | 18 719 | 50 703 |
| Gåvekort/kasse | 7 154 | 14 310 |
| Avsett til stipend kunstnarar | 80 000 | 80 000 |
| Vidarefakturerte kostnader prosjekt | -2 769 | - |
| | 5 563 841 | 4 077 795 |

| Note 10 Andre fordringar | 2013 | 2012 |
|---|------------------|------------------|
| Uteståande tilskot frå kommunar | 1 805 000 | 1 354 519 |
| Uteståande tilskot frå geologiprojektet | 438 495 | - |
| Til gode meirverdiavgift | 340 933 | 414 508 |
| Forskotsbetalte kostnader | 455 807 | 346 950 |
| Øvrige postar | 116 329 | 126 526 |
| | 3 156 564 | 2 242 503 |

Til styret i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

MELDING FRÅ REVISOR

FRÅSEGN OM ÅRSREKNESKAPEN

Vi har revidert årsrekneskapen for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane som viser eit overskot på kr 4 075 626. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2013, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftinga si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvise bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er formålstenlege og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvise bilete av den finansielle stillinga til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane per 31. desember 2013 og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg.

UTSEGN OM ANDRE TILHØVE**Konklusjon om årsmeldinga**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtala ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og at framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektene elles.

Førde, 25. februar 2014
Deloitte AS



Leif Kilnes
statsautorisert revisor

Avdelingsrekneskap for 2013

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

| AVDELINGAR *) | 1 ADM | 2 NFM | 3 KSF | 4 SUM | 5 DHS-SFM | 6 SFKM | 7 NKS | MiSF Samla |
|--------------------------|----------------|----------------|-----------------|----------------|----------------|------------------|----------------|------------------|
| Drift inntekter/kostn. | | | | | | | | |
| Salsinntekt | 4 844 | 136 285 | 129 049 | 301 989 | 973 320 | 626 948 | 49 560 | 2 221 995 |
| Driftstilskot | 5 336 852 | 5 193 275 | 6 786 737 | 4 404 900 | 10 838 853 | 9 229 259 | 2 132 110 | 43 921 986 |
| Anna driftsinntekt | 34 510 | 181 276 | 994 662 | 143 760 | 1 072 604 | 635 852 | 707 847 | 3 770 511 |
| Sum driftsinntekter | 5 376 206 | 5 510 836 | 7 910 448 | 4 850 649 | 12 884 777 | 10 492 059 | 2 889 517 | 49 914 492 |
| Varekostnad | 0 | 110 749 | 59 829 | 128 617 | 231 204 | 1 403 282 | 17 063 | 1 950 744 |
| Driftsresultat | 5 376 206 | 5 400 087 | 7 850 619 | 4 722 032 | 12 653 573 | 9 088 777 | 2 872 454 | 47 963 748 |
| Lønskostnad | 3 105 854 | 3 263 993 | 4 904 135 | 3 532 340 | 8 783 456 | 4 421 662 | 1 214 302 | 29 225 742 |
| Avskr.driftn./imatr.eige | 107 000 | 10 200 | 108 000 | 30 000 | 54 500 | 206 949 | 79 900 | 596 549 |
| Andre driftskostnader | 2 342 878 | 1 360 410 | 3 488 044 | 697 477 | 3 001 847 | 2 955 793 | 856 798 | 14 703 247 |
| Sum driftskostnader | 5 555 732 | 4 634 603 | 8 500 179 | 4 259 817 | 11 839 803 | 7 584 404 | 2 151 000 | 44 525 538 |
| Driftsresultat | -179 526 | 765 484 | -649 560 | 462 215 | 813 770 | 1 504 373 | 721 454 | 3 438 210 |
| Finans inntekter/kostn. | | | | | | | | |
| Annan renteinntekt | 590 973 | 0 | 26 731 | 7 736 | 21 019 | 11 625 | 2 900 | 660 984 |
| Annan rentekostnad | 7 143 | 666 | 3 071 | 365 | 4 465 | 7 783 | 75 | 23 568 |
| Netto finans | 583 830 | -666 | 23 660 | 7 371 | 16 554 | 3 842 | 2 825 | 637 416 |
| Årsresultat | 404 304 | 764 818 | -625 900 | 469 586 | 830 324 | 1 508 215 | 724 279 | 4 075 626 |

| | |
|--|-----------|
| SAMLRA DRIFTSRESULTAT DRIFTSKOSTNAD (før netto finans) | 3 617 736 |
| RESULTAT FELLEADMINISTRASJON (før netto finans) | -179 526 |
| Samla driftsresultat (før netto finans) | 3 438 210 |
| SUM RENTER | 637 416 |

*) Avdelingar

1 Administrasjon, 2 Nordfjord Folkemuseum, 3 Kystmuseet i Sogn og Fjordane, 4 Sunnfjord Museum, 5 De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum, 6 Sogn og Fjordane Kunstmuseum og 7 Norsk Kvernsteinsenter

Budsjett for 2014 (mot resultat 2013)

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

| | BUDSJETT 2014 | (Resultat 2013) |
|---|--------------------|--------------------|
| Salsinntekt | 2 558 778 | 2 221 997 |
| Anna driftsinntekt, prosjekt m.m | 1 366 787 | 3 770 509 |
| Driftstilskot | 51 118 297 | 43 921 986 |
| Sum driftsinntekter | 55 043 862 | 49 914 492 |
| Varekostnad | -1 123 985 | -487 011 |
| Utstillingskostnader m.m | -2 242 284 | -1 463 733 |
| Lønskostnad | -29 585 066 | -29 225 743 |
| Avskr. varige driftsmidl./immaterielle egedelar | -1 472 569 | -516 649 |
| Andre driftskostnader | -20 829 650 | -14 783 146 |
| Sum driftskostnader | -55 253 554 | -46 476 282 |
| Driftsresultat | -209 692 | 3 438 210 |
| | | |
| Annan renteinntekt | 675 797 | 641 054 |
| Annan finansinntekt | 51 631 | 19 930 |
| Sum finansinntekter | 727 428 | 660 984 |
| | | |
| Annan rentekostnad | -505 751 | -16 146 |
| Annan finanskostnad | -11 985 | -7 422 |
| Sum finanskostnader | -517 736 | -23 568 |
| Netto finans | 209 692 | 637 416 |
| Ordinært resultat | 0 | 4 075 626 |
| Årsresultat | 0 | 4 075 626 |